



Reknes Byggjevarer LI  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5228 - 22/58304

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
28.07.2022

Mellombels bruksløyve - gbnr 134/263 Hilland

**Administrativt  
vedtak:**

**Saknr: 811/22**

**Tiltakshavar:**

Reknes Eiendom AS

**Ansvarleg søkjar:**

Reknes Byggjevarer LI

**Søknadstype:**

Søknad om mellombels bruksløyve

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for seksjon 4 i bygg 2 på gbnr gbnr 134/263// på følgjande vilkår:**

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld seksjon 4 bygg 2.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.01.2012, 20.02.2015, 10.11.2020 og 15.02.2022.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

**Gjenstående arbeider frem mot ferdigattest**

Angi gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innenfor den delen av tiltaket det søkes midlertidig brukstillatelse for

Det gjenstår ikke noe arbeid i seksjon 4, men det gjenstår arbeid på bad i loftsetasje på seksjon 3.

Mellombels bruksløyve gjeld seksjon 4 bygg 2.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2022

Det vert elles vist til søknad mottaken 18.07.2022.

## VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for seksjon 4 bygg 2.

## Skildring

Adresse:	Radøyvegen 49 B
Bygningstiltak:	Einestad med hybel/sokkelleilighet
Bygningsnummer:	300281521
Bruksareal:	0
Avløp:	Offentleg
Vatn:	offentleg
Tal på røykløp:	1

## Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

## Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5228

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 5986 187	HOSTELAND
Reknes Eiendom AS	Masfjordvegen 5986 187	HOSTELAND